SAKSGANGEN I GJELDSORDNINGSSAKER

1. Først forhandlar du med kravshavarane på eiga hand eller med hjelp frå ein økonomisk rådgivar i kommunen for å prøve å komme fram til ein frivillig betalingsavtale.

2. Dersom du ikkje kjem fram til ein frivillig betalingsavtale, kan søknad om gjeldsordning leverast til namsmannen der du bur.

3. Namsmannen førebur saka og innhentar nødvendig dokumentasjon.

4. Tingretten/namsmannen vurderer om skyldnaren oppfyller vilkåra for å få opna gjeldsforhandlingar, m.a. om du er varig ute av stand til å betale det du skal. Dersom vilkåra er oppfylte, blir det opna gjeldsforhandlingar. I forhandlingsperioden får du betalingsutsetjing i fire månader. I denne perioden skal du forhandle med kreditorane dine med sikte på å komme fram til ein frivillig gjeldsordningsavtale etter gjeldsordningslova.

5. Namsmannen gir melding til kreditorane og lausøyreregisteret om at det er opna gjeldsforhandlingar. Tilsvarande melding blir sett inn i Norsk Lysingsblad.

6. Etter tinglysing i Norsk Lysingsblad har kreditorane ein frist på **tre veker** med å melde krav til namsmannen. Annonsen i Norsk Lysingsblad er ikkje preklusiv (dvs. at kreditorar som ikkje melder kravet sitt, ikkje mister retten til å krevje oppfylling av betalingsavtalen). Det er svært viktig at alle krav blir omfatta av gjeldsordningsavtalen.

7. Namsmannen hjelper deg med å utarbeide eit forslag til frivillig gjeldsordning som skal sendast til alle kjende kreditorar. Svarfristen blir sett til **tre veker.**

8. Dersom ein eller fleire kreditorar protesterer mot forslaget, må du forhandle med dei aktuelle kreditorane og prøve å komme fram til ei løysing. Dersom det ikkje blir oppnådd semje, kan du krevje tvungen gjeldsordning. Kravsmål om tvungen gjeldsordning må vere namsmannen i hende **seinast fire månader** etter opningsdatoen. Namsmannen oversender straks kravsmålet til tingretten saman med ditt forslag til tvungen gjeldsordning.

9. Tingretten sender forslaget til tvungen gjeldsordning ut til kreditorane med ein svarfrist. (Gjeldsforhandlingsperioden blir utvida med to månader.)

10. Normalt innkallar tingretten deg og kreditorane dine til eit rettsmøte.

11. Når tingretten har avgjort gjeldsordningssaka, kan saka påkjærast innan ein månad.

Dersom du får i stand ein gjeldsordningsavtale, skal du som skyldnar normalt administrere ordninga sjølv. Du må altså sjølv sørgje for å setje til side pengar kvar månad og betale kreditorane ifølgje avtalen. **Kontakt namsmannen dersom du treng rettleiing!**

Dersom du ikkje held din del av avtalen, kan kreditorar krevje ordninga oppheva. Endrar økonomien din seg i gjeldsordningsperioden, må du melde frå om det til namsmannen.

Som hovudregel kan ein berre få gjeldsordning etter gjeldsordningslova éin gong.